



Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandler, innvalgstelefon
Torgeir Flo, 55 57 21 46

Vår dato
28.10.2013
Deres dato
03.09.2013

Vår referanse
2013/11366 421.0
Deres referanse

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

Høyring og offentlig ettersyn av ny statlig planbestemmelse for lokalisering av kjøpesentre og handel

Vi viser til brev datert 03.09.2013 om høyring av ny statleg planbestemmelse for lokalisering av kjøpesentre og handel.

Føremålet med planbestemmelsen er å styrke eksisterande by- og tettstadssentre, medverke til samfunnsøkonomisk effektiv arealbruk og å legge til rette for miljø- og helsefremjande transportval.

Fylkesmannen i Hordaland finn det positivt at det no vert utarbeida ein ny statleg planbestemmelse for lokalisering av kjøpesentre og handel.

Det går fram av framlegget (jfr § 6) at den vil erstatta eldre regionale planar på området. Gjeldande fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel blei utarbeida av Hordaland fylkeskommune allereie i 2002 og er moden for revisjon. Revisjonsprosessen er starta opp i regi av fylkeskommunen her i vårt fylket. Vi finn det positivt at det av § 5 går fram at bestemmelsen skal leggest til grunn for nye regionale planar, kommuneplanar og reguleringsplanar.

Når det gjeld eit svært sentralt tema som tilpassing av handel, vert dette berre omtala under utfyllande kommentarar, jfr siste avsnitt under kommentardelen til § 3 kor det står:

«Ved planlegging for ny handel må handelens omfang tilpasses størrelsen på stedet og det omland som skal betjenes».

Dette er eit svært sentralt tema når det gjeld å medverke til ein samfunnsøkonomisk arealbruk, då det sikrar at nye handelsetableringar ikkje rokkar for mykje ved eksisterande by – og tettstadsstrukturar. Temaet vil få meir vekt når det vert tatt inn i sjøve bestemmelsen, til dømes under § 3. Vi vil difor foreslå at dette vert tatt inn i bestemmelsen for å sikre mest mogleg klår og forutsigbar planreiskap.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Else-Kristin Foss Vikenes
avdelingsdirektør

Brevet er godkjend elektronisk og har difor ingen underskrift.